

Månad: mai 2018

AKTIVITET

Psykisk helsevern	Denne periode				Til no i år					
	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik	Faktisk	Plan	Avvik	I fjor	Avvik
Psykisk helsevern vaksne										
Tal heildøgnsopphald	1 397	1 386	11	1 577	-180	7 399	7 550	-151	7 795	-396
Tal utskrivne pasientar	81	92	-11	96	-15	421	460	-39	455	-34
Poliklinisk dagbehandling	28	34	-6	35	-7	157	179	-22	188	-31
Polikliniske kons. m/refusjon	2 239	2 179	60	2 557	-318	11 105	11 445	-340	12 301	-1 196
Rus										
Tal heildøgnsopphald	692	567	125	622	70	3 111	3 091	20	2 943	168
Tal utskrivne pasientar	25	17	8	20	5	106	85	21	94	12
Polikliniske kons. m/refusjon	234	274	-40	214	20	1 491	1 442	49	1 314	177
Psykisk helsevern barn og unge										
Tal heildøgnsopphald UPH	108	100	8	159	-51	591	501	91	627	-36
Tal utskrivne pasientar UPH	7	8	-1	12	-5	35	38	-3	46	-11
Polikliniske kons. m/refusjon	1 376	1 485	-109	1 637	-261	7 610	7 922	-312	8 171	-561

Psykisk helsevern for vaksne (VOP/RUS)

Aktiviteten innanfor psykisk helsevern er om lag som planlagt for perioden. Beleggsprosenten på dei distriktpsikiatriske sentera (DPS) er 79 prosent i snitt. Akuttposten hadde 70 prosent belegg i perioden.


Innanfor rus er aktiviteten litt høgare enn budsjett, og gjennomsnittleg beleggsprosent på ruspostane er 71 prosent i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn fjoråret innan PHV, og litt høgare innan TSB.

Psykisk helsevern for barn og unge (PBU)

Aktiviteten er litt lågare enn plan for perioden ved poliklinikkane. 58 prosent belegg på UPH i perioden.

Akkumulert er aktiviteten litt lågare enn plan.

Beleggsprosent døgnseksjonar


Beleggsprosenten i perioden er 79 prosent i snitt på DPS, og 71 prosent på ruspostane. UPH hadde eit belegg på 58 prosent i perioden. Akuttposten hadde eit belegg på 70 prosent.

ØKONOMI

Psykisk helsevern	Denne periode			Til no i år		
	Rekneskap	Budsjett	Avvik	Rekneskap	Budsjett	Avvik
Basisramme	32 516	32 516	0	162 885	162 885	-0
ISF eigne pasientar	1 875	1 966	-91	9 924	10 416	-492
Gjestepasientar	633	123	510	2 799	616	2 184
Polikniske inntekter	4	5	-1	33	27	6
Andre øyremarka tilskot	204	75	130	715	373	342
Andre driftsinntekter	735	928	-193	3 771	4 477	-706
Sum driftsinntekter	35 968	35 613	354	180 128	178 794	1 334
Kjøp av offentlege helsetenester	3 487	2 006	-1 481	16 045	10 030	-6 015
Kjøp av private helsetenester	334	540	205	2 071	2 698	626
Varekostnader knytt til aktivitet	388	391	4	1 992	2 057	65
Innleige av personell	1 020	599	-421	3 767	2 502	-1 265
Løn til fast tilsette	22 273	23 481	1 208	114 464	118 214	3 749
Overtid og ekstrahjelp	678	604	-74	2 804	3 006	202
Pensjon inkl. arbeidsgjevaravgift	4 548	4 548	-0	22 742	22 742	-0
Offentlege tilskot og refusjonar vedr. arbeidskraft	-1 134	-921	212	-5 480	-4 607	873
Anna løn	3 242	3 231	-11	15 937	16 393	456
Andre driftskostnader	1 050	1 134	84	5 458	5 759	301
Sum driftskostnader	35 886	35 613	-273	179 801	178 794	-1 007
Driftsresultat	82	-0	82	328	0	328

Denne periode:

Totale inntekter i perioden er 0,4 mill. høgare enn budsjett. Vi har hatt større inntekter enn venta for gjestepasientar frå andre føretak i perioden.

Det er framleis høge kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre føretak. Vi betalar for fire tryggleiksplassar i andre føretak, og samla sett er kostnaden i perioden 1,3 mill. høgare enn budsjett.

Løn til tilsette er lågare enn budsjett, og samla sett er personalkostnadene i perioden 0,9 mill. lågare enn budsjett.

Totale kostnader i perioden er 0,3 mill. høgare enn budsjett, og bokført resultat i perioden er 0,1 millionar betre enn budsjett.

Til no i år:


Bokførte inntekter er 1,3 mill. høgare enn budsjett. ISF-inntekter er litt lågare enn plan, medan inntekter frå gjestepasientar er høgare enn plan. Diverse andre inntekter er litt lågare enn budsjett fordi tre Nordfjordkommunar har trekt seg frå samarbeidet med NPS om ambulant team. Samla sett er aktivitetsbaserte inntekter likevel litt høgare enn plan.

Totale driftskostnader er 1,0 mill. høgare enn budsjett i år. Hovudforklaringa er at kostnader til kjøp av behandlingsslassar i andre regionar har vore høge i år. Årsaka er dyre tryggleiksplassar som må kjøpast frå andre helseføretak. For tida brukar vi om lag 2,4 mill. i månaden for å kjøpe fire slike plassar. Personalkostnadene hittil i år er 4,0 mill. lågare enn budsjettet.

Resultatet hittil i år er 0,3 mill. betre enn budsjett.

MEDARBEIDARAR


Månadsverk:



Tal månadsverk i PHV vert redusert over tid.

Gjennomsnittleg tal brutto månadsverk siste 12 månader er 420. For eit år sidan var dette talet 426.

Sjukefråvær:




Sjukefråværet var 6,9 prosent i april mot 7,3 prosent i same periode førre år.

Gjennomsnittleg sjukefråvær siste 12 månader var 7,6 prosent. For eitt år sidan var dette talet 6,6 prosent.

KVALITET

Epikrise




I mai var 95 prosent av epikrisene sende innan fristen.

Korridorpasientar

Det er ikkje registrert korridorpasientar i mai 2018.

Ventetid for ventande ved slutten av perioden




Periode	Ventetid
2017-mai	22
2017-jun	22
2017-jul	31
2017-aug	20
2017-sep	18
2017-okt	20
2017-nov	19
2017-des	24
2018-jan	15
2018-feb	19
2018-mar	19
2018-apr	20
2018-mai	21

Det er 151 pasientar som ventar på behandling ved utløpet av perioden. Dei har i snitt venta i 21 dagar.

I same periode i 2017 var det 186 pasientar som venta på behandling, med gjennomsnittleg ventetid på 22 dagar.

Ventetid der behandling er starta i perioden



Dei 128 pasientane som har fått starta si behandling i perioden, har i snitt venta 27 dagar før behandlinga starta.

I same periode i 2017 var det 133 pasientar som hadde gjennomsnittleg ventetid på 30 dagar før dei fekk starta si behandling.

Ventetid i kalenderdagar

Ventande ved periodeslutt.

Ventetid i kalenderdagar	Pasientar	I prosent
1-10	51	35 %
11-30	66	45 %
31-90	29	20 %
91-180		
181-365		
365+		

Ventetidene er generelt korte i psykisk helsevern.

Fristbrot

Eining med fristbrot	For ventande ved periodeslutt	
	Pasientar	I prosent
Psykisk Helsevern Barn og Unge	0	0 %
Indre Sogn Psykiatrisenter	0	0 %
Nordfjord Psykiatrisenter	0	0 %
Psykiatrisk klinikk	0	0 %

Ingen fristbrot i PHV i perioden.